

Folkemusikkveka held fram med song, spel og dans i Helgheim klokka 19 i kveld. No er det Uskedalen sin tur og arrangøren som er ungdomslaget og kulturkontoret lovar ei triveleg stund og håpar på godt frammøte.

Målet er å gjenskapa ein kveld med folkemusikk, leik og gamaldans slik det var på ungdomshusa land og strand rundt før.

Nær på 30 deltakarar frå 3 ulike kurs vil framføra noko av det dei har lært - det er gruppa frå spelemannskurset, kvedarane og frå kurset i ensemblespel.

Irene Bjørne si gruppe KVASt vert med og det vert også Kari Malmanger. Med seg har ho CD-en frå platesleppet i går.

Etter ein times konsert er det sal av mat i kjellaren.

Etter matøkta vert det klargjort til leik og dans